



Arkivnr: 2017/16058-2
Saksbehandlar: Beate Bergsholm

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.10.2017

Forslag på kandidatar til styret i dei regionale helseføretaka - Helse Vest RHF

Fylkeskommunen er i brev frå Helse- og omsorgsdepartementet, datert 3. oktober 2017, oppmoda om å foreslå kandidatar som kan vere aktuelle som styremedlemmer i dei regionale helseføretaka. Departementet understrekar at føremålet med førespurnaden er få innspel slik at departementet får eit breitt utval kandidatar som kan vere aktuelle å vurdere. Departementet understrekar at styremedlemmene i rolla som styremedlem ikkje skal representere geografiske område, parti eller andre interesser.

Styremedlemmene veljas for to år. Noverande styremedlem vart oppnemnd i 2016, og det skal difor veljast nye eigaroppnemnde styremedlem i føretaksmøtet i januar 2018. I samband med styrevalprosessen legg departementet vekt på både kontinuitet og fornying i styrene.

Departementet skriv om krav til kandidatane:

Helse- og omsorgsdepartementet velger eieroppnevnte styremedlemmer for de regionale helseforetakene. I henhold til vedtektene skal inntil sju av styrets medlemmer velges av eier. De regionale helseforetakene forvalter viktige samfunnsoppgaver og store ressurser på vegne av fellesskapet, og er store virksomheter i det norske samfunnet. Det er viktig at styremedlemmene har kompetanse som reflekterer oppgavene styret har og de utfordringene det regionale helseforetaket står overfor. Helse- og omsorgsdepartementet vektlegger at styrene for de regionale helseforetakene samlet sett må oppfylle følgende kompetansekrav:

*Tilknytning til/erfaring fra universitets- og høgskolesektoren
Helsefaglig kompetanse og kunnskap om/erfaring fra primærhelsetjenesten
Kompetanse innen IKT, økonomi og ledelse
Forvaltnings- og samfunnskompetanse*

Frist for tilbakemelding til er 1. november 2017.10.17

Økonomi: Saka har ingen innverknad på fylkeskommunens økonomi

Klima: Saka er ikkje relevant i høve klimapåverknad

Folkehelse: Saka kan ha overordna innverknad

Regional planstrategi: Saka er ikkje relevant for regional planstrategi

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune foreslår følgjande kandidatar til styret for Helse Vest RHF:

1. (kvinne)
2. (mann)

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid K. Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.